

1.5.4 VANLIG UER



Foto: Thomas de Lange Wenneck

Vanleg uer

Sebastes marinus

Familie: Scorpaenidae
Maks storleik:

1 meter og meir enn 15 kg

Levetid: Over 60 år

Leveområde:

100–500 meters djup i Nordsjøen–Barentshavet, også i norske fjordar

Hovudgyteområde:

Vesterålen, Haltenbanken, Storegga

Gytetidspunkt: April–mai

Føde: Plankton viktigast dei første leveåra. Deretter større plankton og fisk

Særtrekk: Ueren ynglar, dvs. han "gyt" levande larvar

Nøkkeltal:

KVOTERÅD: Ingen direkte kvoteråd, men strengare vernetiltak må innførast. Førebels statistikk for 2006 viser ein norsk fangst på om lag 6.000 tonn av ein samla internasjonal fangst på om lag 7.000 tonn.

NORSK FANGSTVERDI (2005): For begge uerartane samla, ca. 125 mill. kroner



Kjell Nedreaas

kjell.nedreaas@imr.no

► Status og råd

Bestanden av vanleg uer (*Sebastes marinus*) har hatt sviktande rekruttering sidan tidleg på 1990-talet. Toktresultat og fangstar frå trålfisket viser ein klar nedgang i forekomst, og tyder på at bestanden no er mindre enn nokosinne tidlegare (Figur 1.5.4.1). Årsklassane det siste tiåret har vore svært svake og blir stadig mindre. Bestanden er difor svært svak. Denne situasjonen er venta å vedvare i mange år.

ICES tilrår strengare reguleringar på grunn av framleis nedgang i gytebestand og rekruttering. Reguleringstiltaka i dag er utilstrekkelege. ICES gjentar rådet om stopp i alt direkte fiske, utvida freding og skjerp bifangstreguleringar for trål. Det er viktig med eit sterkt yngelvern for å sikre rekruttering og gjenoppbygging av bestanden. Bestanden av vanleg uer er klassifisert blant sårbare artar på den nye norske 'Raudlista' som kom ut i 2006.

Fiskeri

Fisket etter vanleg uer blir regulert ved hjelp av bifangstreglar, fredingstid og i mindre grad også reiskapsregulering. Førebelse tal for 2006 viser at ca. 7 000 tonn er fiska, dvs. om lag det same som dei tre føregåande åra. Noreg har dei siste tiåra tatt 80–90 % av totalfangsten av nord-austarktisk vanleg uer. Bortsett frå Russland, fiskar alle andre land årleg mindre enn 100 tonn vanleg uer (Figur 1.5.4.2).

Tradisjonelt er trål og garn dei viktigaste reiskapane i fisket etter vanleg uer. Det einaste direkte fisket som vil vere tillate i 2007 er fiske med konvensjonelle reiskap (garn, line, juksa, snurrevad) i sju månader, bortsett frå juksafartøy mindre enn 11 meter, som kan fiske heile året. Så lenge det ikkje er teikn til betring av yngel- og ungfiskforekomstane, kan dagens fiskeri med gjeldande reguleringar ikkje sjåast på som eit bærekraftig fiske.

Fakta om bestanden

Vanleg uer føder levande 4–6 mm yngel i april–mai. Paringa føregår om hausten, og i yngleområdet om våren kan det difor vere reine hofisk-konsentrasjonar. Som toåring er vanleg uer 10–12 cm, og frå no av veks han om lag 2 cm per år til han blir kjønnsmoden. Som 11–12 åring og 30–35 cm, er halvparten av vanleg uer kjønnsmoden.


Vanleg uer lever på 100–500 meters djup på kontinentalsokkelen, langs kysten og visse stader inne i fjordane. Han er utbreidd nord til nordvest for Spitsbergen, men finst sjeldan i fiskbare mengder nord for Tromsøflaket/Bjørnøya. Yngleområdet

strekker seg langs eggakanten og kontinentalsokkelen frå Shetland og nordover til Andøya, med Storegga, Haltenbanken og Vesterålen som dei viktigaste områda.


Vanleg uer lever av dyreplankton i sine første leveår, for deretter å gå over til krill, lodde, sild og torskefisk. Som byttedyr er småueren viktig føde for torskefisk og kveite. Det er ikkje påvist endringar i gytealder, produksjon eller utbreiing som eventuell følgje av endringar i klima. Det siste året har det rett nok blitt gjort gode bifangstar av vanleg uer så langt nord som ved Bjørnøya.

Figur 1.5.4.1

Resultat frå bestandsutrekningar av nordaustarktisk vanleg uer som stadfestar utviklinga observert på instittets tokt og frå data samla inn frå fiskeria. Områda viser totalbestand av 3 år og eldre vanleg uer (mørkt + lyst område), gytebestand (15 år og eldre fisk; lyst område), og rekruttering til bestanden (antal 3–6 åringar; søyler). *Sebastes marinus* in Sub-areas I and II. Stock biomass (in tonnes) for the total stock (3+) (dark + light areas), and the fishable and mature stock (15+) (light area), as estimated by an analytical assessment model (Gadget). The recruitment to the stock is shown as the numbers of 3–6 year olds (bars).

**Figur 1.5.4.2**

Nesten 100 års fangsthistorie for nordaustarktisk vanleg uer. Raud del av søylene viser norske landingar (i tusen tonn), blå del av andre land sin rapporterte fangst. *Sebastes marinus* in Sub-areas I and II. Total international landings 1908–2006 (in thousand tonnes) presented as Norwegian landings (red bars) and reported catches taken by other countries (blue bars).



Golden redfish (*Sebastes marinus*) in ICES sub-areas I and II

The low abundance of pre-recruit fish in recent years' surveys, followed by a decreased survey abundance of fishable biomass confirmed by reduced commercial catch rates, are all signs of a major stock decline. The stock is expected to decrease further in the next years, even

without fishing, given the poor recruitment history. It is of vital importance that the juvenile age classes be given the strongest protection from being caught as by-catch in any fishery. This will ensure that the recruiting year classes can contribute as much as possible to slowing down the

stock decline. Current regulation measures are insufficient to rebuild the stock. More stringent protective measures should be implemented, such as an extension of the limited moratorium and a further improvement of the trawl by-catch regulations.

1.5.5 SNABELUER

Kjell Nedreaas

kjell.nedreaas@imr.no

► Status og råd

Toktresultat viser at bestanden er nær eit historisk lavmål (Figur 1.5.5.1). Dei einaste årsklassane som kan bidra til gytebestanden i nemneverdig grad, er dei som vart fødte før 1991, sidan dei etterfølgjande 15 årsklassane er svært svake. Ei gradvis betre rekruttering av snabelueryngel i Barentshavet dei siste åra gjev likevel von om framtidig bestandsoppbygging. Det avheng også av at årsklassane før

1991 (som det blir fiska på i Norskehavet) blir verna sidan desse utgjer den einaste moglegheita for å auke gytebestanden og rekrutteringa dei næraste åra. Dette vernet må difor også inkludere dei pelagiske fiskeria i Norskehavet. Bestanden av snabeluer vil ikkje kunne gje grunnlag for eit direkte fiskeri på mange år. Den er klassifisert blant sårbare artar på den norske 'Raudlista'.

ICES tilrår at forbod mot direkte trålfiske, stenging av område og lav tillaten bifangst blir oppretthaldne. Dette gjeld inntil tokt-

resultat kan vise til ein klar auke i gytebestand og yngelførekomsstar. Det synest nødvendig med betre reguleringar for å unngå fangst av snabeluer i dei pelagiske fiskeria i Norskehavet.

Fiskeri

Alt fiske etter snabeluer, og bifangstfiske av nemneverdig omfang, føregår med trål. Fisket etter snabeluer blir regulert ved hjelp av bifangstreglar og stengde område. Førebelse tal for 2006 viser at ca. 4 000 tonn er fiska som bifangst med botntrål og heile 22 000 tonn med flytetral i internasjonalt